



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 03.05.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm, fekk permisjon under OS 61/16	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemer som ikke møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Odd Harald Sundal	SP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Fride Schjølberg Sortehaug	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef

## SAKLISTE

- |                |  |
|----------------|--|
| <b>Saksnr.</b> | <b>Sak</b>   |
| OS 61/16       | <b>Gjennomgang av KOSTRA-analyse</b>                 |
| PS 76/16       | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>         |
| PS 77/16       | <b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b> |

- OS 70/16 **Nedlegging av TINE Meieriet i Ørsta**
- OS 71/16 **Flytting av lager Haugen bok**
- OS 72/16 **Vikeneskia**
- OS 73/16 **Lysstolpar i Volda sentrum**
- OS 74/16 **Organisering av Sentrumsprosjektet**
- OS 75/16 **Spørsmål om Voldafargen**
- PS 78/16 **Månadsrapport mars 2016**
- PS 79/16 **Plan ID 2007004 - Reguleringsplan Lid-Kråkeneset.  
Spørsmål om delutbygging. Klage over vedtak i  
Formannskapssak 120.15.**
- PS 80/16 **Ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i  
plansaker**
- PS 81/16 **Gbr 18/64 - kjøp av tilleggsareal til gbr 18/8**
- PS 82/16 **Orienteringssaker**
- OS 62/16 **Kommunereform**
- OS 63/16 **Oversendingsframlegg - punkt 31 i kommunestyret sitt  
vedtak for budsjett 2016**
- OS 64/16 **Vedrørande søknader om økonomisk støtte**
- OS 65/16 **Målekortet, Tiltaksplan og Statusrapport NAV  
Ørsta/Volda pr. mars -2016**
- OS 66/16 **Vurdering av lokalisering i samband med utgreiing av ny  
idrettshall**
- OS 67/16 **Fråsegn frå Sunnmøre Regionråd - bekymring for  
manglende informasjon og samarbeid i forkant av ny  
samhandlingsreform - rus og psykisk helse**
- OS 68/16 **Fråsegn frå Sunnmøre Regionråd om Neonatal avdeling i  
Ålesund**
- OS 69/16 **Årsrapport 2015 frå Den offentlege tannhelsetenesta**

## **OS 61/16 Gjennomgang av KOSTRA-analyse**

### **Handsaming:**

Chriss Madsen frå KS-konsulent as, hadde ein gjennomgang om KOSTRA-analyse for Volda kommune. Det var særskild merksemd på tenesteområda: helse og omsorg, skule og barnehage.

Gunnar Strøm fekk permisjon under orienteringa. Det var åtte røysteføre i framhald av møtet.

Representantar frå administrasjonen og dei tillitsvalde møtte under orienteringa.

## **PS 76/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innkalling:

Det var ingen merknad til innkallinga.

Sakliste:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om ekstra kommunestyremøte 30. juni. Sprømålet vart drøfta i samband med orienteringssak OS 62/16 Kommunereform.

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om at nedlegging av Tine Meierier og flytting av Haugen bok vert sett på saklista.

Anders Egil Straume reiste spørsmål om mogleg bruk av Vikeneskaia.

Dan Bjørneset kom med framlegg om å sette lysstolpar i Volda sentrum og organisering av Sentrumsprosjektet på saklista.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om Voldafargen.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume, Dan Bjørneset og Sølvi Dimmen, vart samrøystes godkjent.

## **PS 77/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 19.04.2016, vart samrøystes godkjent.

## **OS 70/16 Nedlegging av TINE Meieriet i Ørsta**

Margrete Bjerkvik viste til planar om nedlegging av TINE Meierier i Ørsta. Ho reiste spørsmål om Volda kommune burde kome med uttale i høve nedleggingsplanane. Ordføraren vil sjå på saka, i samarbeid med ordføraren i Ørsta.

## **OS 71/16 Flytting av lager Haugen bok**

Margrete Bjerkvik viste til at Haugen bok ynskjer å flytte lageret sitt frå Volda til Oslo. Ho reiste spørsmål om Volda kommune kan bidra med lokale slik at lageret framleis kan vere lokalisert i Volda. Rådmannen orienterte om at kommunen har hatt dialog med Haugen bok og at det truleg er forretningsmessig tilhøve som ligg tilgrunn for avgjerd om lokalisering.

## **OS 72/16 Vikeneskaia**

Anders Egil Straume viste til at Volda kommune har gitt avslag til større båtar ved Vikeneskaia. Han reiste spørsmål om saka var godt nok utgreia frå kommunen si side. Ordføraren informerte om at dispensasjon frå reguleringsplan Volda ferjekai, skal handsamast på neste formannskapsmøte og at ein ser nærmare på saka då.

## **OS 73/16 Lysstolpar i Volda sentrum**

Dan Bjørneset viste til at fleire lysstolpe-punkt i Volda sentrum, manglar lysstolpar og at dette bør utbetrast.

## **OS 74/16 Organisering av Sentrumsprosjektet**

Dan Bjørneset reiste spørsmål om organisering av Sentrumsprosjektet. Det er ikkje valt nytt styre eller prosjektgruppe etter kommunevalet i 2015. Bjørneset minner om at det er viktig at ein får dette på plass, slik at ein sikrar framdrift i prosjektet. Rådmannen oppmoda den noverande styringsgruppa om å halde møte og deretter handsame saka politisk i formannskapet, valnemnda og kommunestyret.

## **OS 75/16 Spørsmål om Voldafargen**

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om Voldafargen. Korleis den kom til og kven som har bestemt fargevalet? Ordføraren informerte om at val av farge vart handsama politisk for nokre år tilbake.

## **PS 78/16 Månadsrapport mars 2016**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Månadsrapporten for mars 2016 vert teken til vitende.*

**Handsaming:**

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Formannskapet - 03.05.2016**

*Månadsrapporten for mars 2016 vert teken til vitende.*

**PS 79/16 Plan ID 2007004 - Reguleringsplan Lid-Kråkeneset. Spørsmål om delutbygging. Klage over vedtak i Formannskapssak 120.15.****Administrasjonen si tilråding:**

*Vedtak i sak 120/15 vert såleis gjort om inkje.*

*Plan ID 2007004 vedteke av Volda kommunestyre i sak 46/09 den 18.06.2009, med tilhøyrande plankart og føresegner skal såleis framleis gjelde.*

**Handsaming:****Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i formannskapet - 03.05.2016:**

*Vedtak i sak 120/15 vert såleis gjort om inkje.*

*Plan ID 2007004 vedteke av Volda kommunestyre i sak 46/09 den 18.06.2009, med tilhøyrande plankart og føresegner skal såleis framleis gjelde.*

**PS 80/16 Ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker****Administrasjonen si tilråding:**

*Endra lokale retningsliner i høve plan- og bygningslova § 3-3, tredje ledd, slik dei går fram av vedlegg 2 i saka, vert godkjent.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 03.05.2016 til kommunestyret:**

*Endra lokale retningsliner i høve plan- og bygningslova § 3-3, tredje ledd, slik dei går fram av vedlegg 2 i saka, vert godkjent.*

## **PS 81/16 Gbr 18/64 - kjøp av tilleggsareal til gbr 18/8**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Harald Engeset får kjøpe deler av kommunen sin eidegn gnr. 18 bnr. 64 som tillegg til gnr. 18 bnr. 8 i samsvar med søknad av 10.03.16. Dette under føresetnad at det ikkje kjem merknader i samband med frådelingssøknaden, jfr. punkt 2.*
2. *Den nøyaktige storleiken på areala vert bestemt ved kart- og delingsforretning og i bygesaka.*
3. *Prisen for arealet vert sett til kr. 435,- pr. m<sup>2</sup>, og denne skal justerast for endringa i konsumprisindeksen frå 01.01.2016 fram til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.*
4. *Kjøpar må bere alle kostnader med arealoverdraginga.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Formannskapet - 03.05.2016**

1. *Harald Engeset får kjøpe deler av kommunen sin eidegn gnr. 18 bnr. 64 som tillegg til gnr. 18 bnr. 8 i samsvar med søknad av 10.03.16. Dette under føresetnad at det ikkje kjem merknader i samband med frådelingssøknaden, jfr. punkt 2.*
2. *Den nøyaktige storleiken på areala vert bestemt ved kart- og delingsforretning og i bygesaka.*
3. *Prisen for arealet vert sett til kr. 435,- pr. m<sup>2</sup>, og denne skal justerast for endringa i konsumprisindeksen frå 01.01.2016 fram til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.*
4. *Kjøpar må bere alle kostnader med arealoverdraginga.*

## **PS 82/16 Orienteringssaker**

### **OS 62/16 Kommunereform**

Ordføraren orienterte om status for kommunereformarbeidet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om ekstra kommunestyremøte den 30. juni i høve kommunereforma. Formannskapet drøfta saka og det var semje om at saka skal handsamast den 16. juni og at kommunestyret ikkje skal kallast inn 30. juni pga ferieavvikling.

### **OS 63/16 Oversendingsframlegg - punkt 31 i kommunestyret sitt vedtak for budsjett 2016**

Rådmannen orienterte. Det var ingen merknader til saka.

### **OS 64/16 Vedrørande søknader om økonomisk støtte**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

### **OS 65/16 Målekortet, Tiltaksplan og Statusrapport NAV Ørsta/Volda pr. mars -2016**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

### **OS 66/16 Vurdering av lokalisering i samband med utgreiing av ny idrettshall**

Ordføraren og rådmannen orienterte om saka. Formannskapet kom med synspunkt til det vidare arbeidet.

### **OS 67/16 Fråsegn frå Sunnmøre Regionråd - bekymring for manglende informasjon og samarbeid i forkant av ny samhandlingsreform - rus og psykisk helse**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

### **OS 68/16 Fråsegn frå Sunnmøre Regionråd om Neonatal avdeling i Ålesund**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

## **OS 69/16 Årsrapport 2015 frå Den offentlege tannhelsetenesta**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

Møtet slutt kl. 16:20

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
02.04.2016

Sonja Håvik  
konsulent